



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Silje Anette Lyhammer, 55 57 21 51

Vår dato
27.11.2014
Dykkar dato
17.10.2014

Vår referanse
2014/12616 524.0
Dykkar referanse
14/1674

Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 Oslo

Fylkesmannen i Hordaland sin høyringsuttale til forslag om ny forskrift om tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel mv.

Fylkesmannen i Hordaland (FMHO) viser til brev frå Landbruks- og matdepartementet (LMD), datert 17. oktober 2014, om høyring av ny forskrift om tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel mv.

Kommentarane vidare tek føre seg paragrafane i forslag til ny forskrift. Det er berre vist til dei paragrafane FMHO har kommentarar til.

§ 2. Forholdet til jordbruksoppgjæret

Det er viktig med tydelege retningsliner for kva som vert omfatta av ordninga. FMHO synest det er greitt at satsane kan endrast i jordbruksoppgjæret og kan fastsetjast der. Når det gjeld definisjonar, bør desse vera fastsett i forskrifta. Dersom definisjonane årleg kan endrast som følgje av jordbruksoppgjæret, kan ordninga fort verta uoversiktleg. Både føretaka og forvaltninga treng å vita kva som skal til for å ha rett til å søkja om tilskot etter denne forskrifta og dette må ha kontinuitet.

§ 3. Generelle vilkår

Definisjonen av «vanleg jordbruksproduksjon» må vera tydeleg og komma klart fram frå forskrift.

FMHO foreslår at andre ledd i § 3 vert endra til «*Den person som det vert kravd avløyning for må ha hatt ei gjennomsnittleg næringsinntekt frå jordbruk, gartneri mv frå føretaket på minimum ½ G i dei to siste avslutta likningsåra*». Formuleringa LMD har foreslått er noko uklår.

I tredje ledd i forslag til ny forskrift ligg det føre at tilskot kan gjevast til dekking av dokumenterte utgifter til avløyning. FMHO ynskjer ikkje å oppheva dagens ordning med at det kun er lønsutgifter til eigen avløyning, utgifter til landbruksvikar eller avløyning tilsett i avløyningsslag som skal danna grunnlag for tilskot. Ved at det kan verte opna for å kjøpa avløyningsslag frå andre føretak enn avløyningsslag, kan ein komma i fare for å «ta livet av» det ein har nådd/ opparbeida ved å ha stabile avløyningsslag i landet. Det er ei ulempe at lokale kompetansmiljø kan forsvinna og kanskje føra til mindre sikre avløyningsslag i framtida. Dette kan på sikt svekka avløyningsslag og føra til at det er problem å få tak i avløyningsslag ved eks.

sjukdom mv. Dersom avløysarlaga vert så svekka at dei ikkje ser seg syn med vidare drift, kven skal då administrera landbruksvikarane i Norge?

§ 5. Tilskot ved svangerskap, fødsel og adopsjon av barn under 15 år

Det kan virke som om det er skilnad på regelverk når det gjeld foreldrepenge/ eingongsstønad ved svangerskap, og adopsjon av barn under 15 år. FMHO sitt inntrykk er at rettane er like, med unntak av dei tre vekene før fødsel for mor. Paragrafen er mangelfull når det gjeld rettane til homofile ektepar/ registrerte partnarar. Denne paragrafen bør tilpassast reglane i folketrygdelova.

§ 6. Tilskot ved sjukdom hos barn

Dersom ein set grensa for å følgja barn til legeundersøkingar til og med det kalenderåret barnet fyller 12 år, kan dette virke urettferdig, avhengig om barnet er fødd tidleg eller seint på året. FMHO foreslår å endra andre setning i første ledd til «*Tilskotet kan gjevast til og med til datoen barnet fyller 13 år*».

§ 7. Tilskot ved dødsfall

Denne paragrafen bør omformulerast og presiserast slik at det kjem tydeleg fram at det ikkje skal trekkjast i dagsatsen for attlevande familiemedlem etter at den som har hatt næringsinntekt frå jordbruk, gartneri mv er gått bort.

§ 8. Søknad

FMHO foreslår at teksten i dagens gjeldande forskrift, første ledd tredje setning vert vidareført; «*Søknadsfristen for tilskot til avløyning ved sjukdom mv er tre månader etter siste dag som gjev rett til tilskot*», i staden for forslaget i andre ledd «*Søknadsfristen er tre månader etter dagen avløyninga fann stad*». FMHO meiner også at det bør presiserast kven tilskotet kan utbetalast til, det bør samsvara med forskrift om produksjonstilskot. FMHO meiner såleis at tilskotet bør utbetalast til søkjar.

§ 9. Administrasjon, dispensasjon og klage

Fylkesmannen skal skrivast med stor «F».

§ 10. Opplysningsplikt og kontroll

Fylkesmannen skal skrivast med stor «F».

§ 12. Avkorting ved feilopplysningar

Det hender at avløysarlag (som ofte fyller ut søknad for søkjar), kommune gjer feil på søknadane om tilskot til avløysing. Det er ikkje alltid søkjar si skuld at feil førekjem, det vert då uheldig med avkorting av tilskot. FMHO finn det uheldig at alle søknader SKAL avkortast i slike tilfelle. FMHO foreslår at ein byter ut «...skal heile eller delar av det tilskotet som tilfell føretaket avkortast» til «...skal det vurderast om heile eller delar av det tilskotet som tilfell føretaket skal avkortast».

Med helsing

Åse Vaag
landbruksdirektør

Sonja Ramsvik
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.